

Veterinær Svein Rimestad har no hatt kontakt med Veterinærinstituttet og dei har ikkje funne noko teikn på infeksjon hos den daude hjorten som Rimestad sendte prøver av til instituttet. Difor kan ein utelukka teorien om hjernehinnebetennelse. Det vart funne tre daude hjortar i det samme område i Uskedalen.

- Kva er så årsaka til at hjorten har bukka under, Rimestad?
 - Det var ujevn slitasje på tennene og betennelse i munnen, noko som igjen kan ha gjeve som resultat at dyret har hatt dårleg ernæring. Årsaka kan med andre ord liggja i at kolla ikkje har fått mat nok.
 - Men det er vel ikkje sannsynleg at også dei to andre daude hjortane har hatt dårleg ernæring?
 - Nei, og det er difor truleg ikkje nokon sammanheng mellom dei tre når det gjeld årsaka til at dei bukka under. Det mest sannsynlege er difor at årsakene har vore forskjellige, svarar veterinæren.
- Den første daude hjorten, som var ein kalv, vart funnen for eitpar månader sidan og nokre veker seinare vart ei kolle funnen i det same området. Førre helga fann folk ei ny kolle der. Ingen av dei tre dyra hadde synlege skadar og det er difor ikkje noko som tyder på at det har funne stad noko ulovleg i samband med dei tre hjortane.

Ein hjortejegar som uskedalen.no har hatt kontakt hevdar at hjortestamma også i Uskedalen er i ferd med å bli for stor i høve til mat-tilfanget og spår at fleire hjortar vil stryke med av ernærings-svikt i tida framover.

No føreligg også resultatet frå spørjeundersøkinga om hjorteforvaltninga i Kvinnherad. Den avdekkar stor usemje når det blir spurd om hjortestamma er for stor, men det er ein overvekt av ønske om at jakta ikkje skal utvidast.

Av Ola Matti Mathisen